

Fra: Vivian Bjånesø Horgen (Vivian.Horgen@hfk.no)

Sendt: 23.03.2015 10:40:02

Til: Opplæringsavdelinga - Postmottak

Kopi: Nils Skavhellen; Sissel Øverdal; Ulrik Schütz; Roy Dahle; Håvard Magnus Njåstad; Helga Rabben

Emne: Prognoseinntak Austevoll vgs

Vedlegg: image001.png;image002.jpg

Hei!

Me her på Austevoll vgs er godt nøgd med prognoseinntaket for neste skuleår. Her kjem våre ynskjer og kommentarar:

Elektro: Her ser me at det er for lite elevgrunnlag til å starte opp att elektro frå hausten av. Me hårar at elektro får stå i søkjarhandboka også neste år, slik at me kan få opp att studietilbodet dersom det skulle vere int. blant elevane for dette.

Fiske og fangst: Me vil gjerne ta inn alle dei 17 primærsøkjarane og utvide elevplassar frå 15 til 17.

Naturbruk: Me har 2 klassar i naturbruk og har her høve til å dele dei to klassane opp i 3 grupper i det praktiske arbeidet. Me vil av den grunn gjerne ta inn alle dei 39 primærsøkjarane. Me har dyktige lærarar, 3 båtar, naust og ein stor rubbhall så me har ikkje problem med å gje alle dei 39 søkjarane god opplæring. Det er også viktig for oss å sikre god rekruttering til vg2 akva og fiske og fangst. Som de veit så har me ein opplæringskvote/fiskerikvote frå Fiskeridirektoratet. Denne vert kvart år rekna ut frå kor mange elevar me har på Vg1 naturbruk og Vg2 fiske og fangst. Dersom det er 15 elevar i ein klasse, får ein kvote for 1 klasse, men dersom det er 16 eller fleire elevar i ein klasse, så får ein kvote for 2 klassar. Dei siste 2 åra har me hatt 15 elevar i kvar klasse og har dermed berre fått kvote for 3 klassar. Dette har medført at me ikkje har kunne fiske meir enn 10 tonn torsk, noko som er altfor lite med tanke på at me tek elevane med på fiskeritokt til Lofoten. Fiskeridirektoratet tek utgangspunkt i prognoseinntaket når kvotane skal fordelast, så det er fint om de kan auke elevtalet i kvar av klassane (naturbruk og fiske og fangst) frå 15 til 16 elevar.

Maritime fag: Her har pågangen vore stor dei siste åra, og me har teke inn 16-17 elevar i kvar av dei to klassane våre. Me har tett og god kontakt med Opplæringskontoret i Austevoll som kvart år gjer ein flott jobb med å plassere elevane ut på ulike fartøy. Til no har det ikkje vore noko problem for oss å finne lære plass til 35 elevar.

TIP: Me vil gjerne ta inn alle dei 17 primærsøkjarane.

Med venleg helsing

Vivian Bjånesø Horgen


Rektor

Austevoll vidaregåande skule

56182008/40221441

vivian.horgen@hfk.no



 Austevoll vgs